

Pressemelding

18.9.2020

## Tre nye smittetilfelle ved vidaregåande skular i Bergen

**Det er no tre nye tilfelle av koronasmitte ved skulane Langhaugen, Olsvikåsen og Tertnes. På kvar av skulane er det éin elev som er smitta.**

Dei nye smittetilfella ved dei tre skulane, blei melde i går. Nærkontaktane blant tilsette og elevar gjekk med ein gong i karantene. Pr no er totalt 11 elevar og 6 tilsette smitta ved skulane Nordahl Grieg, Fyllingsdalen, Langhaugen, Olsvikåsen, Stord og Tertnes vgs. 25 lærarar og 216 elever ved desse skulane er i karantene. For fleire av desse vil karantenetida vere over i løpet av dei nærmaste dagane.

- Vi er meir enn 25 000 elevar og lærarar i Vestland. Så i den store samanhengen er dette framleis få tilfelle. Vi håper at auka merksemd og tiltak, spesielt i Bergen, vil gjere sitt til at vi snart ser ei utflating og nedadgåande kurve, seier Bjørn Lyngedal, fylkesdirektør for opplæring og kompetanse.

Han legg til at på skulane er det stor merksemd på dei vanlege smittevernreglane som omhandlar handvask, avstand og ikkje å kome på skulen når ein er sjuk. Avdelinga ser no på moglege løysingar for digital undervisning for elevar, som anten er i karantene eller held seg heime med uavklarte luftvegssymptom.

### Kontakt:

Bjørn Lyngedal, direktør opplæring og kompetanse  
Tlf: 95 03 37 70